




**- Vi er svært godt fornøgd med oppslutnaden til Festidagen, men det er plass til nokon fleire i koret og skriveverkstaden, opplysar Kristian Olav Bringedal.**

**Påmeldingsfristen går ut måndag. For å friske på interessen er det no delt ut 100 ekstraplakatar. Deltakinga er best i hip hop, grafitti og musikk.**

**Musikkverkstaden vil ha som oppgåve å skipa eit band med maksimalt 20 deltakarar, medan hip hop skal ha 2 grupper med maksimalt 15 og grafittien går ut på å endra høypollar til kunstverk**



Skriveverkstaden vil dei lokale Mona Vetrhus og Arne Torget ta seg av medan Ingrid Handeland vil vera ansvarleg for koret. Dei andre aktivitetane er foto, film, fabeldyr, brettspel og småstjerner. Bringedal og medhjelparane hans var spente på oppslutnaden då dei gjekk ut med tilbodet, men det var det altså ingen grunn til. Festidagen er eit arrangement for dei unge men det er også eit vidt aktivitetsspekter for dei vaksne.

Over er 2 av dei lokale instruktørane for dei unge - Mona Vetrhus og Gaute Haugland.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen